

Forfattaromtalar

Madli Hjermand: f. 1982 i Nittedal. Mastergrad i arkeologi frå NTNU i Trondheim. Har sidan 2012 arbeidd som fotoarkivar for musea i Rogaland. Har dei siste åra bidrege med artiklar og prosjekt knytt til innsamling av digitale foto til musea. Deltek også i prosjekt om etiske retningslinjer for arbeid med foto i musea i Noreg.

Otto Laurits Fuglestad: f. 1939, frå Brusand. Dr. philos. og professor emeritus i pedagogikk ved Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger. Har skrive ei rekkje fagbøker og artiklar om blant anna kommunikasjon i klasseromet, leing i skulen og om kvalitativ forskingsmetode (feltarbeid). Han har også skrive jubileumboka *Hundreåring på stigande kurs – Brusand handelslag 1915 – 2015*, og publisert artiklar om lokalhistorie i Jærbladet.

Even Smith Wergeland: f. 1981, frå Bryne. Mastergrad i kunsthistorie ved Universitetet i Bergen og doktorgrad

frå Arkitektur- og Designhøgskulen i Oslo, der han no er førsteamanuensis. Wergeland har også arbeidd ved OsloMet og Noregs Miljø- og biovitenskaplege Universitet, samt Byplankontoret i Stavanger og Byantikvaren i Oslo. Han forskar på arkitekturvern, arkitektur- og byplanhistorie, og sportsarkitektur.

Målfrid Grimstvedt: f. 1949, frå Stavanger. Magistergrad i etnologi ved Universitetet i Oslo. Har arbeidd ved Jærmuseet sidan 1987. Prosjektleiar for utviklinga av vitensenterutstillingane på Vitengarden 2001-2005 og for utstillinga *Det ska svare seg* på Vitenfabrikken 2012 – 2013.

Inger Undheim: f. 1975 i Time. Avdelingsdirektør ved Jærmuseet avd. Garborgsenteret sidan 2010. Cand. philol. frå Universitetet i Bergen 2003 i nordisk språk og litteratur med hovudoppgåve om Arne Garborgs *Den burtkomne Faderen*. Var medlem av det faglege rådet for Garborgsenteret 2008–2009 og leiar i Time mållag

2008–2010. Arbeidde som omvisar ved Knudaheio og Garborgheimen seks somrar frå og med 1995.

Ørjan Zazzera Johansen: f. 1974 i Stavanger. Oppvaksen og busett på Bryne. Mastergrad i lesevitenskap frå Universitetet i Stavanger 2010, forfattarutdanning frå Skrivekunstakademiet i Hordaland og Litterär gestaltung ved Gøteborgs universitet. Har skrive tre bøker, sist *Kong Nors land*, roman om slaget i Hafrsfjord, 2018. Formidlar og informasjonsansvarleg ved Garborgsenteret sidan 2011.

Sondre B. Hvam: f. 1985, frå Nordmøre. Mastergrad i historie frå NTNU i Trondheim frå 2010. Tilsett som fagkonsulent og historikar i Jærmuseet for avdelinga Flyhistorisk Museum Sola sidan våren 2012.

Inger Smidt Olsen: f. 1953 i Bergen. Magistergrad i etnologi frå Universitetet i Bergen. Har sidan 1997

arbeidd som konservator ved Jærmuseet, fram til 2012 med ansvar for museumsfagleg arbeid ved Flyhistorisk Museum Sola. Har seinare hatt samlings- og dokumentasjonsarbeid knytt til fleire avdelingar i Jærmuseet.

Odd-Geir Rosland: f. 1962, frå Bryne. Teknisk tegnar og byggmeister. Har arbeidd som tømrrar i over 30 år, dei siste 10 åra som bygningshandverkar ved Jærmuseet. Har ansvaret med å halda ved like museets bygningar, og har mellom anna restaurert store delar av Audamotland.

Per Inge Bøe: f. 1971 i Stavanger. Busett på Hundvåg. Hovudfag i historie frå NTNU Trondheim i 2002. Har skrive boka *Frå Dalane til Amerika* og bidrege med fleire historiske artiklar. Prosjektsjef ved Jærmuseet sidan 2017.